ÅSANE BRIDGEKLUBB

# Alerten

Meldingslapp for Åsane Bridgeklubb

Nr 16. – 18. sep 2012

12. årg.

## Resultat – Haustturnering 1/7 11.sept.2012

| Nr. | A-pulje | Score | % | kr |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Oddvar Melchersen - Rolf Skaar | 52,9 | 62,2 | 100 |
| 2 | Sigmund Sæbø - Sigrun Reigstad | 29,9 | 56,9 | 90 |
| 3 | Terje Sæbø - Jon Steinar Dale | 28,9 | 56,7 | 80 |
| 4 | Martin Ivar Henden - Elisabeth Eikeland | 26,1 | 56,0 | |
| 5 | Kjell Gaute Fyrun - Terje Hirth | 25,1 | 55,8 | |
| 6 | Erik Eriksen - Frank Ove Sandvik | 21,6 | 55,0 | |
| 7 | Sven Haukenes - Agnar Kronen | 16,9 | 53,9 | |
| 8 | Theo Linge - Sigfred Gjerde | 13,4 | 53,1 | |
| 9 | Lisbeth K. Glærum - Atle Seim | 7,9 | 51,8 | |
| 10 | Einar Sætre - Ottar Eide | 2,6 | 50,6 | |
| 11 | Morten Haugen - Roald Mjøs | -9,4 | 47,8 | |
| 12 | Ivar Engeberg - Nils Fjeldstad | 10,9 | 47,5 | |
| 13 | Per Reidar Dale - Margot S. Alfheim | 12,6 | 47,1 | |
| 14 | Erik Engum - Anne Ringstad | 23,9 | 44,5 | |
| 15 | Pippi Borge Steen - Lise Grønningen Otter- | 28,9 | 43,3 | |
| 16 | Kjell Asbjørn Helland - Vidar Kjøraas | 37,6 | 41,3 | |
| 17 | Harald Kluge Andersen - Harald Fløysand | 45,4 | 39,5 | |
| 18 | Harald Nilsen - Harry Ulvatn | 56,6 | 36,9 | |
| Nr. | B-pulje | Score | % | kr |
| 1 | Arvid Menes - Sigurd Heggelund | 30,0 | 68,5 | 100 |
| 2 | Kari Matre - Joar Helle | 9,0 | 55,6 | |
| 3 | Randi Jensen - Laila Stokke Jacobsen | 4,0 | 52,5 | |
| 4 | Turid Tøsdal - Berit Rødland | 2,0 | 51,2 | |
| 4 | Olav Kåre Hagen - Sylvi Hagen | 2,0 | 51,2 | |
| 6 | Astrid Nygaard - Per Nygaard | -4,0 | 47,5 | |
| 7 | Hans Edvard Seim - Svein Blomberg | -9,0 | 44,4 | |
| 8 | Arne Husdal - Olav Jacobsen | -34,0 | 29,0 | |

Landskamp i fotball der Noreg helst måtte vinne, er kanskje noko av forklaringa på at deltakartalet var litt mindre enn venta, men 26 par til start er slett ikkje dårleg.
Øyfolket synte ei sterkt varierande formkurve, såleis intok spelarar frå Radøy og Osterøy 6 av 8 plassar blant dei 4 beste para i A-puljen.
Så skal me heller la vere å kommentere at det også var øybuarar som plasserte seg på dei 2 siste plassane i puljen...
I B-puljen vann Arvid og Sigurd ein knusande siger – heile 68,5 %, så får me vone at deltakinga i B-puljen held seg på minst 4 bord frametter. Dette helst er minste deltaking ein bør ha i ei pulje for at det skal vere nokolunde attraktivt å spele.

Hugs at om du ikkje deltok sist tysdag, er det dei 4 beste kveldane av 7 som tel samanlagt, og at det vert rekna på individuell basis. Så det er ingen grunn til å sitje heime om makker ikkje har høve å spele -!

**Obs: Premiering på individuell basis i høstturneringa - (4 beste av 7 kveldar). Det inneber at du kan spele med varierande makker, og at du og/eller makker kan dra til syden 3 veker og likevel vinne!**

## Simultanturnering.

**NBF har terminfesta 3 simultanturneringar som skal avviklast tysdagar i haust.**
I tillegg til resultat og plassering i den klubben/puljen ein spelar, vert turneringa rapportert til NBF og der vert produsert ei samla resultatliste på landsbasis. Me har tenkt å delta i desse simultanturneringane som blir avvikla med 24 spel, altså ein runde mindre enn det me vanleg brukar.
Klubbpoeng blir rekna etter plassering på landsbasis, og NBF skal ha kr 10 pr spelar for å delta. Me har likevel valt å halde den same startavgifta som vanleg, altså kr 80 pr spelar. Så får me sjå kva me gjer frå årsskiftet, då NBF innfører såkalla "Service-avgift" for all deltaking.
**Får du ikkje medlemsbladet frå NBF**? Då er du neppe medlem, og bør ordne dette med kassereren snarast. Medlemspengane følgjer kalenderåret, og skal for 2013 betalast før årsskiftet – men få no først skikk på medlemsskapet som gjeld 2012!

## BM lag

Startar 27. september, og vert i denne sesongen spela på Ingeniørhøgskulen 10 torsdagar. B-puljen er open, og me ventar at det melder seg fleire lag frå klubben. Nærare opplysningar på kretsens heimeside :
.

*Påmelding for B- puljen med angivelse av lagets medlemmer så langt man har oversikt sendes til kretsleder på epost: fjordastril@gmail.com snarest og senest innen 22. september.*
Påmelding kan også gjerast via nbf turneringsweb

## NM klubblag

Fristen for påmelding er 1. oktober til NBF, dvs 30. september via nbf turneringsweb eller til klubben, som rangerer påmeldte lag. Klubben betalar startkontingenten, føresetnad er at ein deltar jamnleg på klubbkveldane.

## Seriemesterskap – 4. divisjon

Fristen for påmelding er 1. oktober. Første spelehelg er 10. – 11. november, andre spelehelg er 2. - 3. februar. Klubben betalar halve startkontingenten, føresetnad er at ein deltar jamnleg på klubbkveldane.

# Alerten

Tek gjerne mot stoff frå lesarane. Nyleg spelte spel er kjærkomen lesnad. Kan me vone at kveldsvinnarane ”pliktar” å levere analyse av eit spelt spel til neste avis? I alle fall når det gjeld A-puljen? Men de treng sjølvsagt ikkje ha vunne for å sende/kommentere eit spel – send gjerne på e-post til underteikna

I mellomtida tek me med eit gammalt innlegg :

***Dagens emne:***

## *Toppe eller finesse og hvorfor*.

Når motpartens utestående kort er:

<u>2 kort</u>: Du mangler kongen. Rett spillføring: legg ned esset. Sannsynligheten for at kongen faller er **52%**.

<u>3 eller 4 kort</u>: Finess etter kongen, men **ikke etter damen**. Sjansen for å felle en singel konge er klart under 50%. Damen derimot vil falle i 78% av tilfellene når du mangler 3 kort og med 4 kort borte 53%.

<u>5 eller 6 kort</u>: Finess etter kongen eller damen men **ikke etter knekten**. Sjansen for å felle en singelton dame har falt til godt under 50%.

<u>7 eller 8 kort</u>: Finnes etter konge, dame **og** knekten. Sjansen for å felle knekten etter at du har tatt for EKD er falt til langt under 50%.

La oss se på et eksempel:

Du er havnet i 6 NT og har følgende kort til disposisjon:

| | |
|---|---|
| E-K-D-10 | x-x |
| E-K-D-J | x-x |
| x | E-K-x-x-x-x |
| K-D-J-10 | x-x-x |

og motparten spiller ut en liten ruter.

Du stikker med ruter E og hva nå?

- Kløver til K og håpe på at motparten er i julestemning og spiller nok en ruter er vel noe optimistisk.
- Ta hånd om en annen retur og sette sin lit til at spar knekt faller etter EKD i fargen. En spilleplan som gir deg knappe 37% sanse til å lykkes.
- Rett spillføring er: spar til **finnesse i stikk to** = 50% sjanse.
  (sjekk tabell med 7 - 8 kort hos motparten )
-

*(Frå Bastens Bridgelogg, april 2000)*